

## 1 SAK 4: Uttaler frå fylkesårsmøtet

- 2 Fylkesstyret tilrår at ikkje alle dei innsendte framlegga til uttaler blir tatt opp til handsaming på  
3 fylkesårsmøtet.
- 4 Fylkesstyret tilrår at fylkesårsmøtet prioritere uttaler som gjeld konkrete og aktuelle saker i  
5 Møre og Romsdal og som samtidig synleggjer SV sin politikk og standpunkt.
- 6 Det er også utfordrande å kunne nyttegjere seg eit stort tal med uttaler mtp å få dei inn i  
7 media. Framlegg til uttaler som ikkje vert handsama på fylkesårsmøtet blir oversendt  
8 fylkesstyret og valkampgruppa.

### 9 **Fylkesstyret si tilråding:**

- 10 Framlegg til uttale nr 2, 7,8,9 og 10 blir tatt opp til handsaming på fylkesårsmøtet.

Nr	Tittel	Tema	Frå	Fylkesstyrets tilråding
1	Sjukeløn	Sjukeløn / arbeidsliv	Ørsta	Ikkje handsaming på fylkesårsmøtet - i stor grad kjent SV-standpunkt
2	Kompetansesenter for kystøkologi på Runde	Miljø	Volda	Til handsaming på fylkesårsmøtet
3	Nedbygging av natur må stansast	Miljø	Volda	Ikkje til handsaming på fylkesårsmøtet - i stor grad i tråd med tidl. uttale frå Møre og Romsdal SV
4	Viktigheten av den kulturelle grunnmuren	Kultur	Ålesund	Ikkje handsaming på fylkesårsmøtet
5	Nei til kommersialisering av hjemmetjenesten, sykehjem og barnehager	Velferdsstaten	Ålesund	Ikkje handsaming på fylkesårsmøtet
6	Oppfølging av Sannhets- og forsoningskommisjonens rapport	Likeverd	Ålesund	Ikkje handsaming på fylkesårsmøtet
7	Nedskjæringer i Helse Møre og Romsdal	Helse / velferdsstaten	Ålesund	Til handsaming på fylkesårsmøtet
8	La togbussen leve!	Samferdsel	Tingvoll	Til handsaming på fylkesårsmøtet
9	Beredskapsferje	Helse / velferdsstaten /tryggleik	Fjord	Til handsaming på fylkesårsmøtet
10	Meierinedlegging - resultat av ein villa politikk	Landbruk	Ørsta, Volda, Vestnes	Til handsaming på fylkesårsmøtet

11

### 13 **Forslag nr 1: Nei til kutt i sjukelønna**

14 (Frå Ørsta SV)

- 15 Kutt i sjukeløna rammar folk i tøffe lågtlønsyrke hardast. Full løn under sjukdom er  
16 kjempa fram av fagrørsla, med LO i spissen, og vart lovfesta i 1978. Det er eit  
17 heidersmerke i den norske velferdsstaten – eit løfte og ei samfunnskontrakt om at  
18 sjukdom ikkje skal skubbe folk ut i fattigdom.  
19 Å bli trekt i løn når du er sjuk vil vere dramatisk for arbeidsfolk. Kostnadene til hus, mat  
20 og straum blir ikkje mindre om du er sjuk. Mange i lågtlønte yrke har også ein  
21 arbeidskvardag som over tid kan gje belastningar og helseskader. NHO og høgresida  
22 vil straffe desse dobbelt ved å opne for å trekke dei i løn ved sjukdom.  
23 Sjukefråveret i Noreg er ikkje historisk høgt. Det har variert over tid, uavhengig av  
24 den snart 50 år gamle sjukeløna. Sjukefråveret er rett nok lågare i Sverige, men der  
25 er arbeidsløysa høgare og fleire står utanfor arbeidslivet. At vi har fleire i jobb, også  
26 folk som har varierande helse, er ein bra ting!

27 Å vere heime frå jobb når du er sjuk, er ikkje latskap. Det er helsefremjande for både  
28 deg sjølv og andre. Ingen blir friskare av å bli trekt i løn. Derimot kan ein bli sjukare  
29 av å presse seg på jobb når ein ikkje burde. I staden for å kutte i sjukeløna, må vi  
30 sørge for nok bemanning og å minske arbeidsbelastninga på jobb, slik at folk ikkje  
31 blir sjuke av jobben.

32 Høgreleiar Erna Solberg skryt av at ho knapt har hatt ein einaste sjukedag gjennom  
33 karrieren. Men ho inngår i den delen av arbeidslivet med kontorjobb, som gjerne har  
34 fleksibel arbeidstid og moglegheit for ei og anna langhelg. Men over 60 % av oss har  
35 ikkje slike moglegheiter. Ein helsefagarbeidar risikerer å smitte pasientane ved å gå  
36 sjuk på jobb. Ein servitør kan ikkje ha heimekontor.

37 Kampen for sjukeløna er ein interessekkamp med eit klart klasseperspektiv. Reint  
38 økonomisk, vil det råke dei som tener minst, hardast. Vidare er ca 1/3 av norske  
39 arbeidstakrar sikra full sjukeløn gjennom tariffavtalar dersom sjukelønsordninga  
40 skulle bli kutta. Det gjeld typisk i stat, kommune og kontorjobbar. Arbeidrarar i t.d.  
41 bygningsbransjen, reinhald eller transport, vil derimot stå utsett til. Kutt i sjukeløna vil  
42 dermed auke forskjellane mellom folk.

43 Sjukeløna er ein hjørnesten i velferda vår som gir tryggleik for arbeidsfolk. At  
44 høgresida ikkje ser verdien av fellesløysingar, og heller vil «ansvarliggjøre den  
45 enkelte arbeidstaker», som Frp formulerer seg i forslag til nytt partiprogram, kjem  
46 ikkje som noko overrasking. Kampen for sjukeløna handlar om eit trygt arbeidsliv for  
47 alle, og den kampen skal vi vinne!

48

## 49 **Forslag nr 2: Kompetancesenter for kystøkologi på Runde**

50

51 (Forslag frå Volda SV)

52 Kampen om fjordane og havet hardnar til. Økosystema er i fare, mellom anna på grunn av  
53 klimaendringar, overfiske og forsøpling. I tillegg til fisken, fuglen og resten av det rike livet i  
54 og ved havet, er det mange som no vil bruke areala under vatn. Fiskeri, skipstrafikk, havbruk,  
55 havvind, bølgekraft, oljeboring, gruvedrift, CO2-lagring, skipstrafikk, forsvaret...

56 Havet gir oss evigvarande ressursar som mat, medisin, luft å puste i og fornybar energi.

57 Mange, også i kommunane i Møre og Romsdal, er uroa over kva som skjer med livet i  
58 fjordane. Vi kjenner alle dei negative sidene ved oppdrettsanlegga, og lokalbefolkinga  
59 manglar verkemiddel i møte med sterke lobbyinteresser. Villaksen er truga.

60 Både Havavtalen og Naturavtalen krev at 30 % av havområda skal vernast. Dette krev  
61 kunnskap, og det krev eit heilskapleg lovverk for forvaltning av kyst- og havområda.

- 62 Kunnskapsbaserte marine grunnkart og arealplanar må på plass, for å sikre at ikkje nye  
63 aktivitetar «kjem inn bakdøra».
- 64
- 65 Naturmeldinga, som skal syte for oppfølging av Naturavtalen Noreg har signert, er nyleg  
66 behandla i Stortinget. Den legg mykje av ansvaret for forvaltning av dei kystnære havområda  
67 på kommunar og fylke. Det skal oppretta oppgåveavlastande team i fylka, som skal støtte  
68 kommunane i arbeidet med areal- og naturforvaltning.
- 69
- 70 Regjeringa har også (omsider) lagt fram ein Nasjonal handlingsplan for å betre situasjonen  
71 for sjøfuglbestandane. Dei negative påverknadane skal reduserast, noko som krev eit godt og  
72 målretta samarbeid mellom styresmakter, næringsliv og lokalsamfunn. Ikkje minst treng vi  
73 meir kunnskap om korleis ulike aktivitetar påverkar sjøfuglane.
- 74
- 75 Her i fylket har vi allereie eit kompetansemiljø på Runde, rett ved Noregs sørlegaste  
76 fuglefjell, som driv med forsking og formidling på livet på kysten og i havet, og samanhengen  
77 mellom fugl og fisk. Dette miljøet må vidareutviklast til eit senter for kystøkologi.
- 78 Møre og Romsdal SV vil vere pådrivar for
- 79     • at fylkeskommunen søker om å bli pilotfylke for oppgåveavlastande team
- 80     • at eit team for fjord- og havområda i fylket vårt vert lokalisert til Runde miljøsenter,  
81       som allereie sit med mykje kompetanse på dette området
- 82     • at fylkeskommunen er pådrivar for etablering av eit nytt besøkssenter for kystøkologi  
83       på Runde
- 84     • å styrke kommunane sin rett til å sei nei til oppdrettsanlegg og til å stille strengare  
85       miljøkrav til anlegg i eigen kommune
- 86

### 88 **Forslag nr 3: Nedbygging av natur må stansast!**

89 Forslag frå Volda SV

90 Oppslaga i NRK siste tida har synleggjort det mange av oss har visst lenge: verdfull natur vert  
91 bygd ned, bit for bit, i høgt tempo. 44.000 inngrep i naturen på fem år. 79 kvadratmeter tapt  
92 natur i minuttet. Sjølv i dei spesielt verdfulle områda, som myrer og villreinområde, forsvinn  
93 minst to fotballbanar med natur om dagen. Artar og leveområde forsvinn, på grunn av  
94 menneskeleg verksemd. Over 1 million artar er truga. Kvar gong vi endrar eller gjer inngrep i  
95 naturen, vert levestadene til planter, dyr og sopp påverka. Vi menneske er avhengig av ein  
96 sunn natur. Naturen sikrar oss mat, vatn og velferd, og intakt natur er det beste vernet mot  
97 følgjene av klimaendringar.

98 Noreg har skrive under på FN's naturavtale. Naturtapet skal stansast, og øydelagd natur skal  
99 setjast i stand att. 30 % av all natur på land og i hav, innsjøar og elvar, skal vere verna innan  
100 2030. All natur ligg i ein kommune, og alle inngrep skjer i ein kommune. Kommunane får difor  
101 ei sentral rolle i gjennomføringa av det nye regelverket for biologisk mangfold. I Naturkampen  
102 til Sabima ligg nokre kommunar i Møre og Romsdal godt an, andre scorar svært dårlig. Det  
103 betyr at vi har ein jobb å gjere!

104 Kommune- og fylkespolitikarane til SV vil vere vaktbikkjer for at kommunane i Møre og  
105 Romsdal tek vår del av ansvaret. Her er planarbeidet sentralt. Mange planar og  
106 kunnskapsgrunnlag er utdaterte. SV fekk i i budsjettforhandlingane med regjeringa på plass ei

107 utvida tilskotsordning der kommunane kan søke støtte både til utarbeiding av  
108 kommunedelplan for naturmangfald, til planrevisjon og til oppdatering av  
109 kunnskapsgrunnlaget om naturmangfald. Det vert også løyvt midlar til gjennomføring av tiltak  
110 for å ivareta naturmangfald.

111 Vi har inga tid å misse!

112

## 113 **Forslag nr 4: Viktigheten av den kulturelle grunnmuren**

114 Forslag frå Ålesund SV

115 I disse urolige og økonomisk krevende tidene både i Norge og i verden forøvrig, så opplever  
116 vi at det kuttes i kulturtilbud for å få enten budsjett eller ideologi til å gå i balanse. Disse små  
117 kuttene kan virke ufarlige, men de har store effekter:

### 1. Redusert tilgang til kulturtjenester og aktiviteter

Kutt i kulturbudsjetter fører ofte til færre tilbud for barn og unge, som musikk, teater, dans og andre kulturelle aktiviteter. Flere studier viser at tilgang til kulturaktiviteter har en positiv effekt på barns utvikling, kreativitet, selvfølelse og sosiale ferdigheter. Når tilbudene reduseres, kan det svekke barnas læring og trivsel. En studie fra Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA) peker på at begrenset tilgang til kulturaktiviteter kan føre til sosial eksklusjon, særlig for barn fra lavinntektsfamilier som er mer avhengige av rimelige kommunale tilbud.

### 2. Økt sosiale forskjeller

Økonomiske kutt i kulturbudsjetter kan også bidra til økte sosiale forskjeller. Når kommunene reduserer finansieringen til gratis eller rimelige kulturtilbud, er det ofte barn fra lavinntektsfamilier som rammes hardest. En rapport fra FAFO understreker at dette kan føre til at barna mister viktige arenaer for sosial interaksjon og fellesskap, som kan føre til utenforskap. Dette kan igjen bidra til økte sosiale forskjeller, både økonomisk og i helsetilstand, ettersom barn og unge får færre muligheter til å delta i fysiske og sosiale aktiviteter.

### 3. Negative konsekvenser for psykisk helse

Kulturtilbud for barn og unge har vist seg å ha en positiv innvirkning på psykisk helse. Studier viser at deltagelse i kreative og sosiale aktiviteter kan redusere risikoen for psykiske helseplager som angst og depresjon blant barn og unge. Når slike tilbud reduseres, kan det føre til økt isolasjon, ensomhet og psykiske utfordringer. En rapport fra Verdens helseorganisasjon (WHO) fremhever hvordan kultur og kunst kan bidra til bedre psykisk helse og økt livskvalitet blant unge mennesker.

### 4. Langsiktige samfunnsøkonomiske kostnader

Selv om økonomiske kutt kan gi kortsiktige besparelser, kan de på lang sikt føre til økte samfunnskostnader. Forskning på samfunnsøkonomi viser at investering i kultur og fritidstiltak for barn og unge er en måte å forebygge sosiale problemer på, inkludert kriminalitet og helseproblemer. En rapport fra Storbritannia viser for eksempel at investering i kulturtilbud for unge kan gi store økonomiske besparelser ved å redusere behovet for helsetjenester og kriminalomsorg senere i livet.

148 Dette er hovedtrekk fra forskningen om negative konsekvenser av kutt i kulturtilbud og tiltak  
149 for barn og unge. Slike kutt har ikke bare en umiddelbar effekt på kulturtilbudene, men kan  
150 også ha langsiktige konsekvenser for samfunnet og for barns utvikling, helse og sosiale  
151 tilknytning.

152 Dette underbygger at SV må løfte kulturens betydning, for dette er god SV-politikk. Det er  
153 viktig at vi kjemper for at 1% av statsbudsjettet bør gå til kultur. Det gir oppmerksomhet til et  
154 truet felt.

155

156 **Forslag nr 5: Nei til kommersialisering av hjemmetjenesten,  
157 sykehjem og barnehager**

158

159 Frå Ålesund SV

160 Ålesund SV er sterkt imot kommersialisering av hjemmetjenesten, sykehjem og at alle  
161 kommunale barnehager skal selges til private drivere. Vi mener at omsorgstjenester for våre  
162 eldre og sårbare innbyggere, samt barnehagetilbudet for våre yngste, skal være et offentlig  
163 ansvar. Vi har flere grunner til dette standpunktet:

164

165 **Kvalitet på tjenestene:** Offentlige tjenester er ikke drevet av profitt, men av et ønske om  
166 å gi best mulig omsorg. Kommersialisering kan føre til at kvaliteten på tjenestene  
167 reduseres.

168

169 **Arbeidsvilkår for ansatte:** Ålesund kommunestyre har et arbeidsgiveransvar for ansatte i  
170 kommunen. De som utfører tjenester for kommunen bør være ansatt i kommunen.  
171 Kommersialisering kan føre til dårligere arbeidsvilkår for de ansatte, noe som igjen kan  
172 påvirke kvaliteten på omsorgen de gir.

173

174 **Kontinuitet og stabilitet:** Offentlige tjenester gir stabilitet og kontinuitet i omsorgen. Ved  
175 kommersialisering kan det bli hyppige endringer i tjenesteleverandører, noe som kan  
176 skape usikkerhet og utsiktsløshet for brukerne.

177

178 **Barnehager:** Det er viktig at det er fornuftig balanse mellom private og kommunale  
179 barnehager. Dersom kommunestyret vedtar at alle barnehager skal være private vil  
180 kommunen ha liten innvirkning på det pedagogiske tilbuddet. Det er også viktig at midlene  
181 som bevilges til barnehager, kommer barna til gode, og ikke brukes til profitt.

182 Ålesund SV mener at omsorgstjenester og barnehagetilbud skal være et offentlig ansvar. Vi  
183 vil fortsette å kjempe for at våre eldre, sårbare innbyggere og våre yngste får den omsorgen  
184 og det pedagogiske tilbuddet de fortjener, uten at profittmotiver kommer i veien.

185

186 **Forslag nr 6: Oppfølging av Sannhets- og forsoningskommisjonens  
187 rapport**

188

189 Møre og Romsdal SV ønsker å rette oppmerksomheten mot den nylig avgitte rapporten fra  
190 Sannhets- og forsoningskommisjonen, som ble overlevert til Stortinget 1. juni 2023.  
191 Rapporten dokumenterer de alvorlige konsekvensene av fornorskingspolitikken og uretten  
192 som er begått mot samer, kvener/norskfinner og skogfinner i Norge.  
193 Rapporten beskriver hvordan fornorskingspolitikken har ført til tap av språk, kultur og identitet  
194 for samer, kvener/norskfinner og skogfinner. Mange har opplevd diskriminering og  
195 marginalisering som følge av denne politikken. Kommisjonen har samlet inn personlige

196 beretninger som illustrerer de menneskelige konsekvensene av fornorskingspolitikken. Disse  
197 historiene gir et sterkt innblikk i de utfordringene og traumene som mange har opplevd.  
198 Rapporten inneholder en rekke anbefalinger for å fremme forsoning og gjenopprettning av  
199 rettferdighet. Dette inkluderer tiltak for å styrke språk og kultur, samt å sikre likeverdige  
200 rettigheter og muligheter for de berørte gruppene.  
201

202 Møre og Romsdal SV mener funnene og anbefalingene fra Sannhets- og  
203 forsoningskommisjonens rapport skal innarbeides i kommunens planer og strategier. Dette  
204 sikrer at kommunen tar et helhetlig ansvar for å rette opp historisk urett og fremme forsoning  
205 og likeverd i vårt lokalsamfunn.  
206

## 207 **Forslag nr 7: Nedskjæringer i Helse Møre og Romsdal**

208 Fra Ålesund SV

209 Nedskjæringerne innen psykisk helse og rus i Møre og Romsdal er en dypt bekymringsfull  
210 utvikling som rammer både sårbare pasienter og dedikerte ansatte. Når ressursene kuttes, er  
211 det ikke bare tall på et budsjett som endres – det er mennesker som mister livsviktige  
212 tjenester, og ansatte som mister arbeidsplassen sin.

213 For pasienter som allerede står i kø for hjelp, betyr dette lengre ventelister og økt risiko for at  
214 deres tilstand forverres. For mange er tid en avgjørende faktor i kampen mot psykiske lidelser  
215 og rusproblemer, og hvert tap av tilbud kan være forskjellen mellom håp og fortvilelse.

216 De ansatte, som har viet sitt arbeid til å hjelpe de mest sårbare blant oss, blir nå presset ut av  
217 stillinger eller overlatt til et stadig mer krevende arbeidsmiljø med færre ressurser. Dette fører  
218 ikke bare til utbrenthet, men også til en svekkelse av den faglige kvaliteten i tjenestene.

219 Psykisk helse og rusbehandling er allerede et underfinansiert område, og disse  
220 nedskjæringerne forsterker bare en eksisterende krise. Vi kan ikke akseptere at de som  
221 trenger det mest, skal bli ofret på bekostning av kortsiktige økonomiske hensyn.

222 Mennesker i Møre og Romsdal fortjener et robust helsetilbud som ivaretar både psykisk og  
223 fysisk helse. Dette er et spørsmål om verdighet, rettferdighet og samfunnsansvar. Møre og  
224 Romsdal SV krever at myndighetene reverserer disse kuttene, styrke tilbudene, og prioritere  
225 menneskeliv fremfor økonomisk innsparing.

226

227

## 228 **Forslag nr 8: La togbussen leve!**

229 Fra Tingvoll SV

230 Togbussen mellom Kristiansund og Oppdal er det einaste kollektivtilbodet som knytter  
231 kommunane på Nordmøre saman med jernbanenettet. Frå Oppdal kan ein reise nordover  
232 mot Trondheim og sørover gjennom Gudbrandsdalen til Oslo - ein miljøvennleg reisemåte i  
233 tråd med ambisjonane om Møre og Romsdal som eit berekraftig fylke.

234 I tillegg til at fleire og fleire ønskjer å reise kollektivt og la privatbilen stå, er dette tilbodet heilt  
235 avgjerande for mange, som til dømes ungdom, studentar, asylsøkjærer, flyktingar og andre

utan tilgang til eigen bil. For strekningen Sunndal mot Oppdal, har togbussen også ei viktig rolle for lokalreisande.  
Dei par siste åra har togbussen levd på nåde. Bare med eit naudskrik har bussruta overlevd budsjettbehandlinga i fylkeskommunen - og med garantert levetid bare på eit år om gongen. Slik kan vi ikkje ha det. Eit kollektivtilbod som bind saman ein heil region med jernbanenettet må sikrast ei forutsigbar framtid. Bare på den måten kan ein også motivere nye reisande til å bruke eit slikt tilbod som er for godt og for miljøvennleg til å leggjast ned.  
SV vil oppmøde alle parti i fylket til å vise at dei meiner alvor med å prioritere tilgang til miljøvennleg kollektivtransport for ein heil region.

Frå Fjord SV  
Det er strid om kven som skal betale beredskapsferja for Geiranger, Norddal og Eidsdal som skal ligge i Eidsdal. Dette rammar dei som bur i bygdene, i tillegg til hyttefolk og turistar. Slik det er no kvir innbyggjarane seg for å kontakte lege om natta.  
Partane er usamde om kven som skal betale og lar innbyggjarane i Eidsdal, Norddal og Geiranger lide for å få ei løysing i saka.  
Fjord SV krev at ein snarast må finne ei løysing i saka. Det skal vere trygt å bu i heile landet.

## **Forslag nr 10 Meierinedlegging – resultat av ein villa politikk**

Forslag frå Ørsta, Volda og Vestnes SV  
I løpet av nokre få år kan 66 distriktsarbeidsplassar i Møre og Romsdal forsvinne. Matberedskapen i regionen vert også svekka når meieria i Ørsta og Tresfjord skal leggast ned. Dei fantastiske merkevarene Snøfrisk, Kremgo, Kvitlin, Edamer, Ridderost og Port Salut skal ikkje lenger produserast i fylket vårt. Den såkalla utviklinga (eller avviklinga) går sin gang. Er dette ei naturlov, eller er det ein villa politikk der sterke sentraliserande krefter dreg i feil retning?  
TINE er eigd av bøndene, og det er nok ikkje med lett hjarte styret har gjort dette vedtaket. Grunngjevinga er at dei har overkapasitet på kvitostproduksjon på ca. 30 prosent, og at dei må sikre konkurranseskraft på sikt. Dette er ei følgje av ein landbrukspolitikk som i mange år har ført til bruksnedlegging, sentralisering og effektivisering. I tillegg er truleg kjedemakt og prispress nokre av årsakene til overproduksjonen.  
Bøndene har i mange år kravt ærlege tal som grunnlag for landbruksoppgjera. Rett før SP forlet regjeringa, vart det semje mellom dei, Ap, Venstre, KrF og Pasientfokus om korleis inntekta til bøndene skal reknast ut. I staden for eit solid raudgrønt fleirtal som kunne sikra bøndene auka inntekter, ro og framtidstru, valde dei dåverande regjeringspartia på nytt å gå andre vegen.  
Møre og Romsdal SV vil kjempe mot denne utviklinga. Fram mot valet vil vi mobilisere for ein betre landbrukspolitikk som gjer at jorda vert teken i bruk og inntektene til

276 bøndene auka. Kjedene må få mindre makt, og meieria i Ørsta og Tresfjord må leve  
277 vidare.. Dette er avgjerande for å sikre norsk matproduksjon for framtida. I ei uroleg  
278 verd er mattrystgleik ein viktig del av beredskapen.

279  
280 Bøndene må få høve til avkastning på eigenkapital på lik linje med anna verksemd,  
281 slik at dei kan reinvestere og bygge opp bruken. Samvirkebasert marknadsregulering  
282 må halde fram. Framtidige tilskot må i all hovudsak gå til TINE som har bygd opp  
283 mjølkekvalitet og dyrevelferd i verdsklasse, og som gjennom mottaksplikt og  
284 mottaksordning sikrar at bønder over heile landet får omsetje mjølka si kvar einaste  
285 dag heile året.

286